

Nordhordland kompetanseregion

barnehage – grunnskule - PPT - vaksenopplæring

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Referat frå styremøte 05/17

28.08.17. kl.09.00-12.00 på Nordhordland folkehøgskule

Referatet er sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

Desse møtte: Alf Strand, Astrid Brandal Øvsthus, Linda Husa, Jahn Olav Nordheim, Ragna Midtbø, Jo Tømmerbakke og Dina Dyrhovden.

Meldt forfall: Reidun Johannessen og Bodil Boie Brekkan.

36/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Godkjent.

37/17 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 21.06.17

Godkjent.

UTVIKLINGSSAKER

38/17 LÆRINGSMILJØ

- Felles annonsering – det er bestilt annonse 22.08.17 i Bygdnytt (Osterøy) og i Avisa Nordhordland 30.08.17 på fulldistribusjonsdagar.
- Erfaringar – gode døme frå arbeidet i Nordhordlands kommunane:
Informasjon til foreldre på heimesider, faldarar, felles foreldremøte.
Udir kom med informasjon før skulestart: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/informasjon-til-foreldre/>
Gjennomgang og endring av retninglinjer og endra i internkontrollsystemet i høve tilnytt regelverk, nye §-nr.
Tema på planleggingsdagar. Felles planleggingsdag - alle tilsette i skulen inkludert kontor, reinhald saman med eksterne samarbeidspartar (PPT, helsestasjon og vaksenopplæring). Refleksjon over behov for praksisendring.
- Vidare arbeid:
Delta på regional skuleleiarsamling 05.09.17
Følgje opp i rektormøter/skuleleiarmøter

Ordensreglement: Vurdere behov for gjennomgang i høve til regelverk og formuleringar.

Vaksenopplæringa: Viktig tema for norsk/samfunnsfag i norsk for minoritetsspråklege.

- Regional skuleleiarsamling tysdag 05.09.17. Skal vere på Folkehøgskulen. Påmelding via outlook eller på mail. Ligg an til 50-60 deltakrar.

39/17 SPRÅK OG INTEGRERING

Stikkord frå drøftinga:

- ICDP: International Child Development Program. Kurs for foreldre. Grensesetjing. Ansvarlege vaksne.
- Kurs for lærarar om traumer. Helsestasjon – skule.
- 2-språkleg fagopplæring.
- RVTS – har også relevant kompetanse.
- Unngå å bruke eldre søsken som tolk.

40/17 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

NKR sin representant, Linda Husa, skal i møte med fylkesmannen torsdag 31.08.17. Ein skal då starte arbeidet med fordeling av midlar, ca 9 mill for 2017. Det skal også leggjast ein langsiktig plan.

Økonomi:

Innspel til fordelingsnøkkelen: Fylkesmannen har tidlegare nytta ein basis-sum i botn og deretter per hovud. Dette vart opplevt som ein grei nøkkelen.

Ein einskild kommune (med unnatak av Bergen kommune som vert rekna som ein region) kan ikkje få midlar utbetalt til seg. Regionar som har klare planar bør prioriterast.

Tildeling er no for budsjettåret 2017. Det må vere høve til overføring til 2018. Så står det att å sjå: Kor mykje pengar får NKR? Kva UH-sektoren kan bidra med for dei pengane me får tildelt?

Kommunane må dokumentere 30 % eigenbidrag.

Organisering, tema og metode:

Forskinga viser at det er skulebasert kompetanseheving som har effekt. Styret i NKR har samla seg om temaet: Tilpassa opplæring - med undertema læringsutbytte, grunnleggjande ferdigheter og analysekompetanse hjå lærar (kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar). NKR tenkjer kursrekker som går over tid: Felles samlingar - tilføre kompetanse og deretter implementering – og det er då behov for rettleiarar frå kompetansemiljøa i UH sektoren som kjem ut i kommunane/skulane.

Aktuelle kompetansemiljø:

Oppdraga skal ikkje ut på anbod. NKR kan bruke UH-sektoren i heile landet – utanom private aktørar. NKR har gode erfaringar med Høgskulen Innlandet og/eller HVL – Sogn og fjordane og tenkjer at desse er aktuelle kompetansemiljø. NKR har forventingar til at UH-sektoren skal bidra og tilføre, men er også klar over at det ligg

inne forventningar til at det skal vere samskaping med forsking og utvikling av ny kunnskap.

Det framstår noko uklart om NKR sjølv skal kontakte UH-sektoren eller skal dette gjerast av Hedvig, koordinator. Det skal vere møte mellom UH-sektoren og NKR 06.10.17 der NKR og UH skal møtast. Dagsorden for møtet er ikkje kjend.

Bestillarkompetanse:

Bestillinga frå NKR til UH-sektoren må vere tydeleg og konkret – dette set krav til vår bestillarkompetanse. I regionen er det tilsette som har høg kompetanse på dette med tilpassa opplæring, grunnleggjande ferdigheiter og analysekompetanse.

Koordinator kan knyte til seg relevant kompetanse for å få innspel til konkretisering av bestillinga frå NKR til UH-sektoren. Koordinator må ha konkretisering/bestilling klart i god tid til 06.10, slik at styret har fått gitt tilbakemeldingar og kan førebu seg til møtet 06.10.17.

Vidare arbeid

Kva	Kven	Når
Møte mellom regionane, fylkesmannen og UH-sektoren	Linda Husa	31.08.17
Utforming av bestilling	Koordinator i samarbeid med aktuelle Konferere med styremedlemene	Innan 06.10.17
Dialog med UH-sektoren	Styret	6.10 kl. 9.-12 Nordhordland folkehøgskule
Sende info om kommunane som er tilknytt NKR, samt kompetanseplan til Hedvig	Koordinator	Snarast
Forhandlingsmøte	Styreleiar Alf Strand	26.10.17

41/17 LÆRINGSPLATTFORM

Jo Tømmerbakk orienterte om tilbod frå Its Learning og resultat frå drøftingar i arbeidsgruppa 18.08.17 og i Strategigruppa 18.08.17. Begge fora takka nei til tilboden frå Its Learning. Det vert no arbeidd vidare med kravspec og anbodsinnhenting. Det vert engasjert ein prosjektleiar som skal leie dette arbeidet. Yngve Vetås og Hogne Brunborg frå arbeidsgruppa skal delta i dette arbeidet. Planen er anbodsprosess i vinter og val av leverandør tidleg vår. Målet er å ha avtale og opplegg klart for dei kommunane som har avtalar som går ut først, frå skulestart 2018. Det er nokre kommunar som har avtalar som går ut 2020.

Konklusjon: **Styret støtta avgjerda om å takke nei til tilboden frå Its Learning.**
Styret er orientert om status i arbeidet.

42/17 INTERNETT - EKSAMEN

Det er obligatorisk for skuleeigar å legge til rette for nettbaserte hjelpeemidlar under sentralt gitt eksamen fra **våren 2018** for ungdomstrinnet. Skuleeigar skal også sikre at alle elevar får tilgang til dei same nettbaserte hjelpeemidlane.

Skuleeigar vil samarbeide med skulane i utvelging av kva nettbaserte hjelpeemidlar som er tilgjengeleg på eksamen. Utvelginga skal skje på eit fagleg grunnlag, og skal reflektere det elevene har møtt i opplæringa. UDIR understrekar at det er viktig at kandidatane får tilgang til tilstrekkelig med nettbaserte hjelpeemidlar.

Styret i NKR drøfta saka.

Oppsummering: NKR vil utarbeide ein standard, slik at det vert likt innan i kommunane og innan i Nordhordland kompetanseregion. Det dukkar opp nye ressursar heile tida. Det må vere kontakt med skulane om kva ressursar det er behov for. Dette må koordinerast, det må vere ein tidsfrist og det må kome tydeleg fram kven som kan melde inn.

Vidare arbeid:

Skulefagleg ansvarleg i kvar kommune tek opp med sine ungdomsskular kva nettressursar ein nyttar i undervisinga i norsk, engelsk og matematikk og som ein ynskjer tilgang til på skriftleg eksamen våren 2018. Melder inn til koordinator **innan 18.09.17**.

Koordinator har møte med IKT-NH som ser på om det er noko til hinder for at netteressursen kan nyttast. Utarbeider framlegg til standard. Sak på neste styremøte 06.10.17.

43/17 IKT-STRATEGI FOR OPPVEKST I IKT-NH-SAMARBEIDET

Oppfølging av sak 32/17. Jo orienterte frå møtet 18.08. Leiar på IKT-NH, Thomas Rønn Aarr tilbyd seg å kome ut i kommunane. Ta kontakt for å gjere avtale.

44/17 SKRIV OG MELDINGAR

a) Kurs og samlingar

Gjennomført: 14.08.17: Fagdag Ny Rammeplan v/Kari Pape. 250 deltagarar.

Planlagt: 05.09.17: Regional skuleleiarsamling Oppl.ova §9A,
Fylkesmannen deltek

05.09.17: ItsLearning inspirasjonssamling på Dampen

31.10.17: Regional skuleleiarsamling; Framtidas skule.
Obs.påmeldfrist 01.10.17.

10.11.17: Planleggingsdag 3 tilbod for barnehagane

- Kari Pape, Ny rammeplan
- Anne Lene Dahl «Hverdagsmatematikk – hvordan få øye på matematikken i leken, språket, opplevelser og omgivelser?»
- Lene Holte: Pedagogikkens hjerte

NB! PPT vert invitert til alle samlingar som NKR arrangerer.

Under planlegging: Textpilot: For Lærarar, elev og foreldre, PPT (i slutten sept)
Det er ynskje om at kursdagen for lærarar startar kl 1200-1500,
og for føresette/elevar etter td kl 1600, slik at føresette ikkje må
ta fri frå jobb.

b) Ny kursbase, status Koordinator orienterte om utfordringar med leveransen.

c) Felles annonsering § 9-a – sjå sak 38/17

45/17 MOGELEGE ANDRE SAKER

a) Eksamens:

Skriftleg eksamen: Gjekk greitt. Nokre tekniske utfordringar som vart løyst. Nokre innspel på at matematikk-eksamen var krevjande. God erfaring med nye PAS.

Munnleg eksamen: Grei gjennomføring. Utfordring: Danielsen har eigen læreplan i KRLE. Sensorar i ordniær grunnskule reserverer seg mot å vere sensor på skular med annan læreplan i dette faget. Vurdere nokre år å ha sensor frå annan Danielsen skule/NHKG.

Det er sendt ut informasjon om eksamensvekene våren 2018.

b) Gratisprinsippet:

Alle kommunar/skular som har hatt tilsyn får avvik og brot på Opplæringslova. Dette gjeld arrangement i skulen sin regi, t.d. skuleturar. Drøfta erfaringar og praktisering.

c) Markering:

Jo Tømmerbakke deltok på sitt siste møte som styremedlem i NKR. Jo Tømmerbakke har vore både styremedlem og styreleiar. Han har vore ein viktig bidragsytar i det faglege fellesskapet. Styreleiar takka for samarbeidet og ønskte lukke til i ny rolle som rådmann i Modalen kommune. Det vart overrekt gåver.

Rekrutteringsarbeidet er starta.

Alversund, 28.08.17

Alf Strand
Styreleiar

Dina Dyrhovden
koordinator